



**5937 Bøvågen**

Org.nr :984 068 158

**Radøy kommune  
v/kommunestyret  
5936 Manger**

Bøvågen 23/05- 2014

### **SØKNAD OM STØTTE TIL KUNSTGRASBANE I HORDABØ IDRETTSPARK!**

Me i Hordabø Idrettslag ynskjer å få etablert oss ei 11'er kunstgrasbana på del av den eksisterande grusbana.

Idrettsaktiviteten haust/vinter/ vår i Hordabøhallen er "sprengt" i vekedagane frå kl 16.30 og utover kveldane.

For å utvikla laget med nye idrettsaktivitetar i hallen er tanken at "fotballen" trenar ute året rundt .

Me har i dag ei stor aldersbestemt avdeling med 11 barne / ungdomslag , dame / herre a-lag , basketball, treningsgrupper for damer og old-boys, åpen hall for barnehagebarn, samt at pensjonistlaget i Radøy får ha aktiviteter i anlegget.

Aldersbestemt fotball har vert satsingen i mange år og det jobbes hardt for å gje ett godt tilbud til alle. Det jobbes og mot gode oppvekstvilkår og fritidstilbud, samt og utvikle nærmiljøet .

Hordabø skal vera ett samlingspunkt i bygda. Idrettslaget har i dag mange barn og familier med fleirkulturell bakgrunn. Her bidrar idrettslaget til å sosialisere desse i lokalsamfunnet.

På årsmøtet 2013 vart det gjort eit vedtak, der det vart vedteke å opprette ein anleggskomiteé for å få til kunstgrasdekke på grusbana vår. Denne vart så etablert, og ut ifrå møter som er haldne såg me oss nøydt til å få "profesjonell " hjelp med prosjekteringa. Denne kostnaden hjalp HFK's prosjekteringsfond oss med etter søknad, noko som sette fart i prosjekteringsarbeidet. ☺

Etter litt fram og tilbake har me no bestemt oss for å snu "kunstgrasbana" på tvers av grusbana, dette for å koma vekk frå eit "settingsområde".

For å få eit godt tenleg anlegg er det bestemt og at me må ha flomlys til kunstgrasbana.

Ut ifrå dette har me fått prosjektert, laga kostnadsbudsjetter og finansieringsplaner.

Me i Hordabø IL ønskjer med dette søkja Radøy kommune om støtte, stort kr 950.000,- .  
Me vil være svært takksam om dette er mogeleg.

NB ! Kostnadsoverslaget og finansieringsplanen er frå spelemiddelsøkanden for 2014 som me har fått avslag på for i år. Me er nå i gang med å klargjera/forbereda søkaden for 2015.

Med venleg helsing  
Hordabø idrettslag

Frode Myking  
-leiar -